

Tide Buss AS

Dato: 24.11.2015  
Vår ref.: 2015/8325-59  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Søknad om løyve for direkterute til/frå Bergen lufthamn - melding om vedtak

Vi viser til dykkar epost av 08.10.15 med søknad om godkjenning for flytilbringarrute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn via ringveg vest.

Fylkesutvalet gjorde i møte 18.11.15 følgjande **vedtak** i sak 294/15:

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 07.10.15 frå Tide Buss AS om å køyre direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, og at frekvensen vert utvida frå 4 til 6 turar per time.
2. Haldeplassen i Olav Kyrres gate skal berre vere for påstiging, ikkje for regulering av rutetider.
3. Nykjøpt vognmateriell som vert nytta i ruta skal ha motor med så lågt avgassnivå som tilgjengeleg på marknaden, for tida Euro VI.

**Grunngjevinga** for vedtaket er fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Dette følgjer vedlagt.

**Klagerett:** Vedtaket er eit enkeltvedtak. Enkeltvedtak kan påklagast til den fylkeskommunale klagenemnde av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretting om vedtaket er kome fram til vedkomande part. Ein eventuell klage må sendast til samferdselsavdelinga. Ein eventuell klage må vere underteikna, nemne nevne det vedtak som det vert klaga over, og nemnde den endring som vert ønskt i vedtaket. Det er, med visse unntak, høve til innsyn i dokumenta i saka. Fylkeskommunen kan gje nærmare informasjon om klageretten.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Tide Buss AS v/Trine Stanghelle  
Tide Buss AS v/Frode Arnesen  
Taxi 1 AS  
Bergen kommune  
Avinor AS

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 07.10.15 frå Tide Buss AS om å køyre direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, og at frekvensen vert utvida frå 4 til 6 turar per time.
2. Haldeplassen i Olav Kyrres gate skal berre vere for påstiging, ikkje for regulering av rutetider.
3. Nykjøpt vognmateriell som vert nytta i ruta skal ha motor med så lågt avgassnivå som tilgjengeleg på marknaden, for tida Euro VI.